

Fra: Ordfører (Ordfører@askoy.kommune.no)

Sendt: 03.04.2020 14:04:17

Til: Anne June Iversen

Kopi: postmottak

Emne: VS: Oppdatering frå BKK

Vedlegg:

Hei.

Bør denne sendes som melding til K og F?

Med vennlig hilsen

Siv Høgtun

Ordfører

Telefon: 56 15 81 35

Mobil: 481 95 342

Askøy kommune

Postadresse: Klampavikveien 1, 5300 Kleppestø

Besøksadresse: Klampavikveien 1, 5300 Kleppestø

Fra: Jannicke Hilland <Jannicke.Hilland@bkk.no>

Sendt: fredag 3. april 2020 13:28

Til: sara.sekkingstad@alver.kommune.no; Ordfører <Ordfører@askoy.kommune.no>; ordforar@austrheim.kommune.no <ordforar@austrheim.kommune.no>; byradsleder@bergen.kommune.no; finansbyraden@bergen.kommune.no; stian.heroy@fedje.kommune.no <stian.heroy@fedje.kommune.no>; khf@fjaler.kommune.no <khf@fjaler.kommune.no>; hallvard.oppedal@gulen.kommune.no <hallvard.oppedal@gulen.kommune.no>; kjell.eide@hyllestad.kommune.no <kjell.eide@hyllestad.kommune.no>; petter.sortland@hoyanger.kommune.no <petter.sortland@hoyanger.kommune.no>; tornes@kvam.kommune.no <tornes@kvam.kommune.no>; hans.inge.myrvold@kvinnherad.kommune.no <hans.inge.myrvold@kvinnherad.kommune.no>; karstein.totland@masfjorden.kommune.no <karstein.totland@masfjorden.kommune.no>; gunn.amdal.mongstad@solund.kommune.no <gunn.amdal.mongstad@solund.kommune.no>; olve.grotle@sunnfjord.kommune.no <olve.grotle@sunnfjord.kommune.no>; hege.eide.vik@vaksdal.kommune.no <hege.eide.vik@vaksdal.kommune.no>; hans.erik.ringkjøb@voss.kommune.no <hans.erik.ringkjøb@voss.kommune.no>; ordforer@oygarden.kommune.no <ordforer@oygarden.kommune.no>; kjetil.eikefet@modalen.kommune.no <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>; lars.fjeldstad@osteroy.kommune.no <lars.fjeldstad@osteroy.kommune.no>; knut.harald.froland@samnanger.kommune.no <knut.harald.froland@samnanger.kommune.no>; hans.petter.thorbjornsen@ulvik.kommune.no <hans.petter.thorbjornsen@ulvik.kommune.no>; mette.heidi.bergsvag.ekrheim@etne.kommune.no <mette.heidi.bergsvag.ekrheim@etne.kommune.no>; post@tysnes.kommune.no <post@tysnes.kommune.no>; ordforar@bjornafjorden.kommune.no

Kopi: Rune Indrøy <Rune.Indroy@bkk.no>; Nilsen Benedicte Staalesen <benedicte.staalesen.nilsen@bkk.no>

Emne: Oppdatering frå BKK

Kjære alle saman

Eg viser til samtalar om den ekstraordinære situasjonen vi alle er i. Her litt utfyllande informasjon frå BKK.

Fakta om beredskapssituasjonen

BKK har iverksett ei rekkje tiltak for å sikra tilstrekkeleg bemanning til å oppretthalda trygg og stabil straumforsyning, kraftproduksjon, fjernvarme og fiber. BKK leverer til helsevesen, offentlege aktørar, bedrifter og 425 000 vestlendingar. For å handtera situasjonen på ein best mogleg måte er vi i beredskap. Våre fokusområde er:

- sikra ei trygg straumforsyning

- avgrensa smittespreiing
- gi relevant informasjon til våre tilsette, kundar, eigarar og kommunar
- sikra at kritiske posisjonar er robuste, både når det gjeld operativt personell, andre fagpersonar og leing
- sikra at kritiske system som IT og telekommunikasjon er robuste
- psykososial beredskap internt

Alle som kan jobbar frå heimekontor. Til og med 1000 daglege meldingar og telefonar til kundesenteret blir handtert av medarbeidarar på heimekontor.

Den største trusselen BKK står overfor i koronapandemien er dersom vi skulle få så mange sjuke medarbeidarar at vi ikkje klarar å løysa samfunnsoppgåvene i regionen vår. Derfor er vårt hovudfokus å avgrensa smitte og halda medarbeidarane våre friske, spesielt dei som gjennom sine funksjonar er definert som kritisk personell. Dette er tilsette på nettsentralane, montørar som driv feilretting ute i felt, og personell som drifrar kraftverk, fibernett og fjernvarme.

For å ivareta operative mannskap i felt på ein best mogleg måte følgjer vi dei til ei kvar tid gjeldande råd om smitteavgrensing frå myndighetene, og vi har rutinar for å unngå å koma i situasjonar der våre medarbeidarar risikerer å smitta eller bli smitta av andre. Vi gjer risikovurderingar med særleg fokus på smittefare, og det er etablert førebyggjande tiltak for å unngå dette.

Dersom store deler av tilsette i eitt geografisk område skulle bli sjuke, har vi planar for å setja inn mannskap frå andre regionar i BKK for å sikra straumforsyninga.

For å redusera smittefaren blir nokre arbeidsoppgåver sett på vent. Elektriske tilsyn hos privatpersonar vil ikkje bli utført inntil vidare, men vi oppsøker bedrifter og byggjeplassar så lenge oppgåvene kan utførast innanfor rammene av nasjonale retningslinjer og våre egne risikoanalysar. Ei rekkje vedlikehaldsoppgåver og arbeid som ikkje er kritisk, er også sett på vent. Dette gjer vi både for å hindra spreiding av koronaviruset i samfunnet, og for å avgrensa smittespreiing inn i vår eigen organisasjon.

BKK sine reglar ved kryssing av kommunegrenser der det gjeld karanteneroglar og avgrensingar

Kraftforsyning og elektroniske kommunikasjonstenester er av Beredskapsutvalet definert som kritiske samfunnsfunksjonar. Dei av våre tilsette som kryssar kommunegrenser i samband med utføring av samfunnskritiske oppgåver, vil ikkje vera omfatta av eventuelle kommunale karanteneroglar. BKK har vore i kontakt med rådmennene i kommunane om dette, og vi handterer situasjonen som følgjer:

- Mannskapa reiser inn i kommunen, utfører oppgåvene og reiser så ut av kommunen igjen. Dei skal ikkje kontakta lokalbefolkninga, ikkje handla i lokalbutikken og ikkje fylla drivstoff.
- I nokre tilfelle må vi også ha med ein graveentreprenør. Dei reiser då på oppdrag for BKK og er omfatta av dei same restriksjonane som våre mannskap.
- Desse restriksjonane gjeld også i tilfelle der ein medarbeidar bur i ein kommune som har gjort vedtak om stenging, og har arbeidsstad i ein annan kommune.

BKK-personell i kritiske stillingar kan ha behov for kommunal støtte som barnepass

Då Helsedirektoratet gjorde vedtak om stenging av barnehagar og skular, vart det også bestemt at:

«Følgende unntak fra pålegg om stenging gjelder: Det er samtidig viktig å opprettholde virksomheten i helse- og omsorgstjenester og andre kritiske samfunnsfunksjoner, og å unngå at personer i risikogrupper brukes til barnevakt. Ledere av barnehager og rektorer ved barneskoler må derfor sørge for et tilbud til barn av personell i helse- og omsorgstjenesten, transportsektoren eller innen andre kritiske samfunnsfunksjoner. Det samme gjelder for barn med særlige omsorgsbehov som ikke kan ivaretas når barnehage, skole eller andre dagtilbud er stengt».

Vi ber om og er takknemlege for at BKK-personell som er i denne kategorien og som dokumenterer behovet sitt, får tilgang til kommunen sitt tilbod.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål, eller om de ynskjer meir informasjon. Eg vil samtidig få nytta høvet til å ynskja dykk ei riktig god påske!

Venleg helsing

Jannicke